

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr. 1 - 20

Herad: Tolga

Emne: Brynet

Bygdelag: Vingelen

Oppskr. av: Eystein Eggen

Gard: ingen gard.

(adresse): Alen, Rørosbanen

G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter forteljingar frå eldre folk.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Den vanlege nemninga på brynet her i bygda har vori brøngne (eit) ~~xxx~~ Ein brukar denne nemninga berre i samband med ljå og sigd (skurru) Til andre og mindre egg-jarn brukar ein hein (hengn) ei. "ei gamle sa alltid: åbrøngne ~~ixix~~ ja' n, men å hengne kni 'n.

2. Nå er bryne av naturstein mindre brukt. Elst yngre folk brukar no berre bryner av kunststein. Det amerikanske karborundumbrynet kom i handelen for 30- 40 år sea og skulle vel kanskje vera av naturstein. No er det mest etterlikningar av karborundum som blir nytta, og desse bryna er støypte eller laga heilt på kunstig måte. "ei gamle og naturlege brynesteinane vart i oppvokstren min for 40- 50 år sea for det meste seld frå krambua i bygda. Men dei beste bryna kom i gamle dagar frå Gudbrandsdalen. Det var sláttekarar som kom over fjella frå Gudbr. dalen til Nord- Østerdal kvar sumar. Gudbr. dølene bar med seg ymse steinslag som dei hadde funne anten heime i dalen sin eller på ferda over fjella. Det vart stor spurnad etter ~~xxxxxxx~~ desse "dølabryna", og deibeit godt på ljåen. Egga vart fin, og det var serleg ein sort som vingelsmennene likte godt. Sláttekarane frå Gudbr. dalen kalla dette brynet for SKårvangbrynet. Det var blågrått av farge med kvasse, naturlege kantar, og når det var sers godt, skulde det vera mørke prikkar eller "augo" i det. Gudbrandsdølene dreiv sjeldan handel med bryna sine. Dei sette si ære i å gjeva dei bort, men så kume husbonden hugsa på denne gáva med ei velferdsyting frå si side. Da gudbr. dølene slutta som onnefolk i Nord- Østerdal kring 1900- talet, vart og dei gode brynesteinane borte. Far min som var ein framifrå god sláttekar, heldt seg til eit bryne som han kalla for "Korporabrøngne." Det var gulkvitt av farge og forma omlag som eit oksehorn, men jamnare. Han slet det heilt ut, og når det brotna, sette han bitane saman att med sjellakk. Var brynet for hardt, la han det i glohau og "elda" det. Namnet korpora skulle kanskje

tyde på svensk eller finsk stein, og får kjøpte brynet på krambua. "ei bryna som gjekk over krambudisken var ofte dušinvare. Ein kunde råka på eit godt bryne millom ei tylvt som var dårlege. Heisom kjøpte bryner prøvde dei med kniven og drygde lenge før han valde eit som høvde.

^{dei} Her i Vingelen høvde ikkje steinslaget, som bryne-emne. Men for omlag hundre år sea var det bønder i bygda som leitte seg fram og fann bryne-tilfang i ein bekk i ein slåttedal (Busjødalen) som ligg omlag halvannen mil i nordvest mot Kviknegrensa.

Denne bekken ber enno namnet " Brøngnbekken. " Det var under fiske i Busjøen om sumrane at denne steinen vart oppdaga, men det var neppe noko gullfumm. Gudbr. dølene hadde betre stein å by på.

3. Alle egg-jarn vart slipt på rullande stein og etterpå brynt eller heina. Ljåen vart brynt, og til finare ting vart heina nytta. Det har aldri vori nemnt noko om å heina ljåen.

4. Heller ikkje har folk høyrd om at ljåen vart ut-tynna med hamar. Det må i alle høve vera minst 150 år sea dette vart gjort. Heimsmidde låar vart nok laga ferdig til å slipast med ein gong. Alle ljårne vart elda eller herda etter som toet var i han.

5. Eg har spurd fleire eldre folk om dei kan hugsa eller ha høyrd om slipesteinar som låg stille, men alle har avara at den vanlege rullande, runder slipesteinen har vori nytta. Høveltenner og små egg-jørn har som oftast vori slipt på ein mindre rullande slipestein med finare steinslag. Slipesteinen sto alltid heime i tunet, helst i skuggen ved fjøsveggen.

6. Ein god slåttekar brynte ljåen som regel to gonger når skåra var omlag hundre meter lang. Det hende og at gode slåttekarar gjekk både ei og to økter utan å slipa, så framt han ikkje råkte på for mykje stein. Her var det kunsten med å bryne som ~~spå~~ spela inn.

7. Folk her i bygda har brukt berre stein til bryner. Trebryner har eg aldri høyrd tale om. Det kan vera truleg at ein og annan har forsøkt seg med stikker av tre, men denne kvesingsmåten rakk ikkje fram til vanleg bruk.

8. Ljåen har aldri vori teken av orvet under slipinga. Som regel sette dei først låen på orvet når dei slipte han opp første gongen, og dei snudde egg mot seg.

9. Dei sett alltid ljåen under vinstre arm under skulderbladet og bryner med høgrehanda. Stutt-orv har aldri vori nytta i Vingelen. Dei lange orva som alltid har vori nytta, var i gamle dagar fint og ~~hagt~~ hagt laga. Knottane eller kakkane var forma etter fingrane med små dolpar for kvar finger, og dei var utkrusa under handfanget og såg staselege ut.

9. Den vanlege nemninga er brøngnstokk. Den

3

har vori laga av tre, helst av ein uthola furu - kabbe med ein tunn jarnring øvst oppe. Denne brøngnstokken hadde ein krok i ringen og vart hefta på livreima. Sume xx bar stokken på hoftekulen, men dei fleste hadde han bakpå seg.

11. Det er mogeleg at okse - eller kuhorn vart nytta til brynstokk eldgamalt, men det fins ingen som har høyrd om denne måten.

12. Sjø~~xxxx~~ under lo.

13. Brynestokkane var aldri turre for vatn. Under bryninga stakk slåttekaren brynet i stokken for å halda det vått. No er det mindre bruk for brynstokk med vatn i. Den nye kunststeinen er mjukkare, og no er det mest slåmaskina som utførar slåtten. Difor treng ein ikkje så gode hjelpemidler for handslått.

14. Det mjølet som kjem fram under bryninga, kallar me for brøngnsand. Slåttekarane brukte vatnet i stokken til å ~~skilje~~ skylja vekk sandkorna. I solsteik og turt ver la det seg ofte mykje sand på ljåen, og da gjekk det mykje vatn.

15. Sand frå slipestein og bryne har nok vore nytta mot ringorm og vortet. Nokor blanding veit eg ikkje av.

16. Brynsand mot hald eller styng har eg aldri høyrd tale om.

17. Dårlege bryner vart lite ansaa. Det kunde nok hende at eit slikt kasta bryne fann ein mann som fann dugleik i det. Her var det kvar sin kunst som gjorde utslaget. Eit hardt bryne som vart godt elda, kunde bli framifrå godt. Men elles var det grunntoet i brynet som dei gamle ~~skilte~~ sette pris på. Under slåtten var det sjeldan nokon som hefta seg bort med å gjera eit skarvbryne betre.

18. Det var mange måtar å bryna ein ljå på. Mange strauk fint og lett i fylgje med eggane. Andre gnika vyrdlaust, men ljåen vart kvass likevel. Brynet fekk på denne måten mange låtar. Det kvitra og sjoa, det skratta og song når karane kvesste. Desse låtane vart ikkje herma eller omsett i ordtak det eg veit.

17. Når det vanta vatn i stokken, spytta slåttekaren på brynet, eller han hadde for vane å gjera det.

18. Eg har røkt etter om det har vori stev, viser eller annan folkelivsromantikk med under kvessinga, men ingen av dei gamle vingelsmennene kan svara noko på det. Elles var det mykje moro og spas under slåtten, og det er mogeleg at brynet hadde eit kvart å segja til ein kvik onnekar.

007

BTI-10013152